NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

LNETT AS
Postboks 8124
4068 STAVANGER

Vår dato: 17.11.2026
Vår ref.: 202504014-90 Vis til ved kontakt

NVE godkjenner Lnett si endring av detaljplan for 132 kV Håland-Tjøtta-Vagle – justering av kabeltrasé, koplingsskap og skøytekum

Vedtak og vilkår

Vedtak om godkjenning

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til detaljplanen for 132 kV Håland-Tjøtta-Vagle i Time, Klepp og Sandnes kommunar, Rogaland fylke, datert 6. oktober 2025[1] og NVE sitt godkjenningsvedtak datert 14. november 2025[2]. Me viser vidare til e-post frå dykk datert 5. og 9. november 2026 med høvesvis orientering om mindre fråvik frå detaljplan for mellombels lagring av kabel[3], og søknad om endring av detaljplan for justert plassering av to skøytepunkt for kabel og justering av kabeltrasé.[4] Endringane gjeld arealbruk i Klepp kommune.

NVE godkjenner endringane som kjem fram av søknaden og tek dei orienterte fråvika frå detaljplanen til etterretning. Godkjenninga har heimel i anleggskonsesjonen datert16. august 2024, post nr. 13[5] og den godkjente detaljplanen.

Godkjenninga gjevast på følgjande vilkår:

- Endringane må vera i samsvar med vilkår og føresetnader gjevne i konsesjonen og vedtak om godkjenning av detaljplan for 132 kV Håland-Tjøtta-Vagle, samt tidlegare godkjenningar av detaljplanendringar.

De skal orientere grunneigarar og rettshavarar

Me ber dykk orientere grunneigarar og rettshavarar om dette vedtaket snarast mogleg, og sende ei stadfesting til nve@nve.no på at orienteringa er sendt.

[1] NVE-ref.: 202504014-42.
[2] NVE-ref.: 202504014-44.
[3] NVE-ref.: 202504014-87.
[4] NVE-ref.: 202504014-88.
[5] NVE-ref.: 201912940-177.

Høve til å klage og andre forhold som Lnett må vera merksame på

Dette vedtaket kan klagast på av parter i saka og andre med rettsleg klageinteresse. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

Me minner om at de må innhente eventuelle andre naudsynte løyve etter anna lovverk.



Figur 1. Oversiktskart 132 kV Håland-Tjøtta-Vagle som er under bygging. Områda søkt for endring er markert med ringar på kartet, og området orientert om fråvik frå detaljplan er markert med firkant. Kjelde: Lnett, 06.10.25.

Bakgrunn for endringar

De søkjer løyve om å justere plassering av skøyteskap ved gnr./bnr. 14/10 og 14/327 og justere plassering av skøytekum ved gnr./bnr. 19/1 (Figur 2), samt justere kabeltrasé tilsvarande for begge endringane (Figur 3).

Lnett har i samband med detaljprosjekteringa og etablering av jordkabelanlegget identifisert behov for mindre justeringar av to løysingar godkjend i detaljplanen for 132 kV Håland-Tjøtta-Vagle. Endringane er tilpassa lokale forhold og grunngjevne med ynskje om å redusere inngrep i fulldyrka jord og ulemper for vidare jordbruksdrift. Lnett oppgjer at begge dei to søkte endringane er ynskja av grunneigarane.

Begge dei søkte endringane ligg like utanfor arealbruksgrensa godkjend i detaljplanen.

Skøyteskapet søkast etablert i tilknyting til eksisterande natursteinsmur/steingard, i staden for i fulldyrka jord som godkjend i detaljplanen. Lnett skriv at dette vil gje eit avgrense inngrep i steingarden, og de skal avgrense inngrepet til eit naudsynt minimum.

a) b)



Figur 2. Søkt endra plassering av skøyteskap ved NIBIO Særheim, a) viser justert kabeltrasé, lilla firkant viser opphavleg godkjend skøytepunkt og stipla linje viser søkt endra arealbruksgrense, medan b) viser opphavleg trasé (grøn) og søkt endra trasé (lilla). Kjelde: Lnett, 9. november 2026.

a) b)



Figur 3. Søkt endra plassering av skøytekum ved Braut, a) viser søkt endra plassering av koplingsskap ved NIBIO på Særheim, lilla firkant viser opphavleg godkjend skøytepunkt og stipla linje viser søkt endra arealbruksgrense, medan b) viser opphavleg godkjend trasé (lilla) og søkt nytt punkt for skøytekum (raud). Kjelde: Lnett, 9. november 2026.

Skøytekum søkast etablert midt i ein eksisterande traktorveg, i staden for i fulldyrka jord som godkjend i detaljplanen. Lnett skriv at dette vil sikre at skøytekummen ikkje er til hinder for ordiner jordbruksdrift.

Begge dei søkte endringane vurderast til å gje mindre ulemper for jordbruk og arealbruk enn opphavleg godkjende løysingar i detaljplanen. Plassering av skøyteskap er avklart med fylkeskommunen med omsyn til kulturminneinteresser. Fylkeskommunen skriv at

inngrep i steingard så langt som mogleg bør unngåast, og at eventuelle inngrep vert haldne til eit naudsynt minimum.

Lnett vurderer at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiingar som følgje av dei søkte endringane.

NVE si behandling av søknaden

Energilova opnar for å ikkje kunngjere og sende søknad om endring av detaljplanen på høyring når det «finnes unødvendig».[6] Det går ikkje fram av søknaden kor vidt den har vore førelagd Klepp kommune. Etter vår vurdering er saka likevel godt nok opplyst til at me kan fatte vedtak utan at søknaden vert sendt på høyring eller kunngjort.

Me legg i vurderinga vekt på at søknaden gjeld mindre justeringar og at konsesjonær ikkje kan gjennomføre den søkte endringa utan å også hente inn ev. naudsynte privatrettslege løyve. Lnett viser i endringssøknaden til å ha lagt fram ynskte endringar for dei høvesvise grunneigarane i områda for endring, og at dei stiller seg positive til endringane.

Klepp kommune, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder orienterast med kopi av dette vedtaket. Me føreset at Lnett orienterer andre aktuelle parter om vedtaket.

NVE si vurdering

Etter NVE si vurdering vil endringane ikkje ha vesentlege nye landskaps- eller miljømessige konsekvensar samanlikna med den tidlegare godkjende løysinga i vedtak datert 14. november 2025. Endringane vil medføre eit permanent, avgrensa inngrep i ein steingard, men vil samstundes redusere inngrep i fulldyrka jord og ulemper for videre jordbruksdrift.

NVE legg til grunn at arbeida skal gjennomførast i tråd med prinsipp for terrengtilpassing og istandsetting som tidlegare er godkjend av NVE. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er vurdert i konsesjonsvedtaket datert 16. august 2024 og i detaljplanvedtaket. Endringane råker ikkje naturmangfald utover dette. Me har difor ikkje gjort nye vurderingar etter naturmangfaldlova kapittel II i dette vedtaket.

Utover dette har NVE ingen merknader til dei søkte endringane.

NVE tek orientering om mellombels fråvik frå detaljplan til etterretning

NVE fekk 5. november 2026 ein e-post frå Lnett med orientering om ynskja mellombels lagring av kabel utanfor godkjend arealbruksgrense ved mastepunkt nr. 26 (Figur 4).

I høve kabeltrekking er det behov for å mellombels lagre kablane som skal førast opp i mast 26, fordi masta på dette tidspunktet ikkje vil vera reist. Kablane vil bli liggande på bakken i om lag ei veke. Når mast 26 er reist vil kablane flyttast tilbake i kabeltrasé og førast opp i masta. Lnett presiserer at tiltaket er mellombels og avklart med grunneigar.

[6] Energiloven § 2-2 femte ledd (lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.)

NVE konstaterer at den mellombelse lagringa av kabelen vil medføre arealbruk utanfor godkjend arealbruksgrense i detaljplanen, men areal- og tidsomfang er avgrensa og at Lnett vurderer at det ikkje vil ha permanente verknader for natur, miljø eller landskap.

NVE tek orienteringa til etterretning. Me legg grunn at løysinga er tidsavgrensa og ikkje medfører varige terrenginngrep.



Figur 4. Orientering om mellombels lagring av kablar ved mastepunkt nr. 26. Raud strek viser frå venstre opphavleg kabeltrasé, avbøying mot mellombels lagringsområde (1), og naudsynt område for bruk ved oppføring i mast. Blå firkant ovanfor mellombels lagringsområde (1) viser eit område med kulturminne. Kjelde: Lnett, 5. november 2026.

Med helsing

Torben Lode
seniorrådgjevar

Godkjent av
Matilde Anker
fagleiar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:
LNETT AS

Kopimottakarliste:
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
KLEPP KOMMUNE
LNETT AS - Olav Aleksander Naurstad

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjord. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.